

Referat – SMU-møte ved Klepp ungdomsskule

Dato og tid for møte: 15.05.25, kl 18:00

Rom: Møterom Varden

Møtte:

Elevar: Sturla Bjøberg Stokland, Krystian Damian Czapski, Nicklas Bredesen Skartveit

Foreldre: Silje Lunde Randeberg, Magrete Torland

Tilsette: Caroline Erevik (miljøveileder), Hanna Rovik Boiten (lærer) og Line Melstveit (lærer)

Representantar for skuleeigar: Martin Nese Johnsen (politikar) og Sigurd Ravndal (rektor)

Meldt fråfall: Pål Pollestad

24/25-1	Høyring om KFU (kommunalt foreldreutval) - forslag om avvikling.
Informasjon om saka – kva kom fram frå diskusjonen: <ul style="list-style-type: none">- Alle hadde fått tilsendt høyringa i forkant.- Naturleg nok var det foreldra som hadde best grunnlag for å meina noko.- Argument for å behalda KFU var å sikra samarbeid i heile kommunen. KFU er ein arena for samhandling mellom skulane.- Kunne vurdera å ha færre faste møter, og heller supplere med ekstraordinære møter ved behov. Det er kjent at det av og til er få saker.- Vurdere å skilja mellom barnehage og skule.- Representanten frå FAU som sit i KFU, er positiv til KFU og meiner KFU er nyttig.	
SMU sitt høyringsvar: <ul style="list-style-type: none">- Støtter at KFU blir oppretthaldt, men at ein vurderer tal på møter.	
Kven tek ansvar: <p>Rektor sender inn høyringsvaret.</p>	

24/25-2	Motivasjon ved skulen
Informasjon om saka – kva kom fram frå diskusjonen: <ul style="list-style-type: none">- Sjekk ut vedlegg «SMU Presentasjon Motivasjon»- Gruppearbeid der ein såg på moglege årsakar og tiltak.	
Kva blei bestemt: <ul style="list-style-type: none">- Moglege årsakar til låg motivasjon:<ul style="list-style-type: none">o Merknadar, elevar blir lettare skuleleio Ulik praksis frå læraraneo Utsifting av personell	

- For mange unødvendige vurderingar
- Prøver og vurderingar – stor overgang frå 7. klasse.
- Foreldre: Litt vanskeleg å følgje opp skulearbeidet. Det er også noko utfordrande å få innsyn i kva elevane jobbar med. Foreldra ønskjer betre tilgang og oversikt. Dei opplever stor forskjell mellom barneskule og noverande, og det kan vera vanskeleg å halde oversikt over kvar ein finn informasjon.

- Moglege tiltak:

- Sjå på korleis det kan gjerast lettare for foreldre å engasjere seg i skulekvardagen, spesielt med tanke på overgangen frå barneskule til ungdomsskule og dei store forskjellane som opplevast.
- Auka fysisk aktivitet i skuletida – meir uteaktivitet, leik, frileik og bevegelse, også i klasserommet gjennom spel og varierte aktivitetar.
- Lærarane må få tid til å planleggje engasjerande og varierte undervisningsøkter, då dette har stor betydning for elevane si motivasjon og læringslyst.
- Praktiske fag som mat og helse (på 9. trinn) og arbeidslivsfag
- Variasjon i undervisninga
- Fokus på trivsel, tryggleik og gode relasjonar mellom elevar og mellom elev og lærar
- Undersøkingar blant lærarar og elevar
- Tydelig elevmedverknad
- Ulikskapar mellom trinn – behov for meir samarbeid på tvers
- Arbeidsmetodar som fremjar variasjon og engasjement
- Sosiallærarar som bidreg til ein positiv kultur
- Få elevane til å forstå kvifor det er viktig det ein lærar om – aktualiserer lærestoffet.

Kven tek ansvar:

Rektor tek dette vidare i utviklingsgruppa på skulen.

Neste møte

Neste skuleår

Referent Sigurd Ravndal

20.05.25